

# Gebyrregulativ for vatn og avløp i Fjell kommune

*Dette gebyrregulativet er vedteke av kommunestyret i Fjell kommune 17.12.15 med heimel i lov 1. juli 2012: Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg og forskrift av 1. juli 2004 nr 931 om avgrensning av forureining (forureiningsforskrifta) § 16-1 anna ledd.*

Regulativet gjeld frå 01.01.16.

Alle gebyrsatsar er oppgitt inkl. mva.

## TILKNYTINGSGEBYR

Tilknytingsgebyret vert fastsett som følgjer:

Frå 2015 har det vore eins tilknytingsgebyr for vatn og avløp for næringsbygg, bustadar, hytter og naust samt andre bygg etter følgjande satsar:

Næringsbygg/bustad	Vatn	Avløp
Bustad/næringsbygg $\leq 75 \text{ m}^2$	6.750,00	6.750,00
Pr. $\text{m}^2$ bruksareal (BRA *) $> 75 \text{ m}^2$	90,00	90,00

\*) BRA bereknast med grunnlag i NS 3940

## ÅRSGEBYR

### Abonnementsgebyr

Abonnementsgebyret er eit fastledd som er fastsett på følgjande grunnlag:

	Vatn	Avløp
Abonnementsgebyr	2.423,00	2.474,00

### Forbruksgebyr

Forbruksgebyret vert fastsett som følgjer:

Ved målt forbruk = målt forbruk x einingspris

	Vatn	Avløp
Einingspris $\text{kr}/\text{m}^3$	14,65	18,60

Ved stipulert forbruk:

Ved stipulert forbruk er det lagt til grunn 1,2 m<sup>3</sup>/ m<sup>2</sup> (BRA) bustad.

	Vatn	Avløp
0-180 m <sup>2</sup> (BRA)	14,65 kr/m <sup>2</sup>	18,60 kr/m <sup>2</sup>
Over 180 m <sup>2</sup> (BRA)	3.164,40	4.017,60

*Døme:*

*Ein bustad på 120 m<sup>2</sup> vil etter stipulert forbruk gje følgjande satsar:*

	Vatn	Avløp
Abonnementsgebyr	2.423,00	2.474,00
Stipulert forbruk, 120 m <sup>2</sup> x 1,2 m <sup>3</sup> /m <sup>2</sup> x 14,65/18,60	2.109,60	2.678,40
<b>Totalt</b>	<b>4.532,60</b>	<b>5.152,40</b>

For slamavskiljarar som er tilknytt det off. avløpsnettet, er tømekostnaden kvart andre år inkludert i det årlege gebyret.

## GEBYR FOR BRUK AV VASSMÅLAR

Abonnentar med vassmålar skal betale eit årleg gebyr for å dekkje Fjell kommune/FjellVAR sine meirkostnader med ordninga. Gebyret er for 2016 sett til kr. 0,00.

## GEBYR FOR FRÅKOPLING/TILKOPLING AV VATN

Gebyret skal betalast dersom ein eigedom blir fråkopla offentleg vassleidning over lengre tid.

Gebyret skal dekkje Fjell kommune/FjellVAR sine kostnader ved fråkopling/tilkopling.

Gebyr ved fråkopling	1.150,00
Gebyr ved tilkopling	1.150,00